



## **DELÅRSRAPPORT** **2. kvartal 2016**

Voss, 23. august 2016  
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

# DELÅRSRAPPORT 2. KVARTAL 2016

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før skatt for fyrste halvår av 2016 på 18,9 mill. kr, ein auke på 11,5 mill. kr i forhold til fyrste halvår i fjor. Resultatet tilsvarar 0,99% av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK), mot 0,38% i fjor.

Etter skatt er resultatet i fyrste halvår 14,9 mill. kr (0,79%) mot 5,6 mill. kr (0,29%) i fjor.

Totalresultatet etter fyrste halvår i år er på 12,7 mill. kr, mot 12,1 mill. kr ved halvårsskiftet i fjor.

Etter nye reglar i IFRS har banken i år kostnadsført heile avgifta til Bankenes Sikringsfond med totalt 2,1 mill. kr i fyrste kvartal, medan denne i tidlegare år har vore periodisert utover året. Denne endringa fører til ein kostnadsauke i resultatrekneskapen i fyrste halvår i år på 1,1 mill. kr i forhold til fjorårstala.

Den gode auken i resultatet i år skuldast betring i rentemarginen, auke i provisjonsinntekter frå sal av Eika-produkt og ekstraordinær vinst i samband med at Visa Europe er seld til Visa Inc.

## RENTEMARGIN

I 2. kvartal bokfører banken netto renteinntekter med 19,0 mill. kr, ein auke på 2,1 mill. kr i forhold til 2. kvartal i fjor. Rentemarginen i 2. kvartal er på 1,95% mot 1,82% for 2. kvartal i fjor. Korrigert for den ekstra kostnadsføringa av full sikringsfondsavgift er samanliknbar rentemargin i 2. kvartal 2,00%.

Etter fyrste halvåret er netto renteinntekter 35,9 mill. kr, mot 32,6 mill. kr ved halvårsskiftet i fjor, ein auke på 3,3 mill. kr. Korrigert for full kostnadsført sikringsfondsavgift i år er auken 4,3 mill. kr. God vekst i utlån, og reprising av innskotsmassen har snudd rentemarginen frå 1,69% ved halvårsskiftet i fjor til 1,94% ved utgangen av juni i år.

## INNETEKTER FRÅ VERDIPAPIR

I 2. kvartal har banken inntektsført 1,9 mill. kr i netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar på aksjar og rentefond, mot ei inntektsføring på 2,3 mill. kr i 2. kvartal i fjor.

På obligasjonsporteføljen har banken i 2. kvartal bokført realisert tap på 0,1 mill. kr mot tap på 6,5 mill. kr i 2. kvartal i fjor.

I samband med at Visa Inc. har kjøpt aksjane i Visa Europe har Vekselbanken saman med alle dei andre bankane i Noreg fått ut sin del av verdiane i dette selskapet. Vi bokfører difor 3,0 mill. kr som ekstraordinær vinst ved sal av anleggsmidlar. Banken har gjennom mange år hatt ein mindre eigarandel i Silver Pensjonsforsikring AS. Då Silver kan verta hardt råka av regelendringar i pensjonsreforma er vår eigarandel i dette selskapet nedskrive med 3,1 mill. kr over utvida resultat i 2. kvartal.

## DRIFTSKOSTNADER

I 2. kvartal i år er samla driftskostnader 11,9 mill. kr, ein auke på 1,5 mill. kr samanlikna med 2. kvartal i fjor. Driftskostnadane er om lag som budsjettert. I % av GFK er driftskostnadane i kvartalet 1,16% i år mot 1,11% i fjor.

## TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

I 2. kvartal har banken konstatert tap på utlån på 2,1 mill. kr mot 0,0 mill. kr i 2. kvartal i fjor. Samla netto misleghaldne og tapsutsette engasjement ved utgangen av kvartalet er på 34,5 mill. kr, ein reduksjon på 50,9 mill. kr frå 2. kvartal i fjor. I % av brutto utlån utgjør dette 0,96 % i år, mot 2,66% ved utgangen av 2. kvartal i fjor. For nærmare spesifikasjon sjå eigen tapsnote.

## **RÅDVELDEKAPITAL**

I 2. kvartal er rådveldekapitalen auka med 453 mill. kr, eller 12,2 %, til 4.174 mill. kr. Grunna stor utlånsvekst har banken i 2. kvartal utstedt 5 nye obligasjonslån med til saman 400 mill. kr.

Siste 12 månader er rådveldekapitalen auka med 458 mill. kr, eller 12,32%.

## **INNSKOT**

I 2. kvartal har innskota auka med 44 mill. kr eller 1,54%.

Siste 12 månadane har innskota auka med 69 mill. kr, eller 2,41%.

Pr. 30.06.16 har banken ei innskotsdekning på 81,7% av brutto utlån, mot 89,1% på same tid i fjor.

## **UTLÅN**

Den skjerppe konkurransesituasjonen i utlånsmarknaden ramma banken i 2015 og førte til negativ utlånsvekst. Etter å ha tilpassa rentevilkåra betre til marknadsprisen, har trenden snudd. Veksten i utlån på eiga bok dei fyrste 6 månadane i år er kome opp i 416 mill. kr eller 13,1%, noko banken er sær s nøgd med.

I 2. kvartal i år har banken ein auke i utlån på eige bok på 268,3 mill. kr eller 8,07%.

Ved halvårsskiftet er brutto utlån til kundar kome opp i 3.592 mill. kr, mot 3.215 mill. kr pr. 30.06.15. Dette utgjer ein auke dei siste 12 månadane på 377 mill. kr eller 11,7%. Når netto utlånsvekst i EBK vert teken med, er samla utlånsvekst siste 12 månader på 411 mill. kr eller 12,0%.

Av samla utlån ved halvårsskiftet er 2.876 mill. kr (80,08%) til personkundar og 716 mill. kr (19,92%) til næringskundar.

## **LIKVIDITET**

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.933 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense pr. kunde) 528 mill. kr eller 18,1%. Banken vil framover tilpassa likviditetsporteføljen til nye likviditetskrav frå styresmaktene.

Ved kvartalsskiftet er banken sin LCR 212% berekna etter nye forskrifter.

## **EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING**

Netto ansvarleg kapital etter standardmetoden i Basel III reglane er 411,7 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 19,19% utan at resultat i år er rekna med.

Kjernekapitalen er 367,4 mill. kr, eller 17,13%. I høve til minimumskrava er overdekninga 240,1 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved kvartalsskiftet er 346,4 mill. kr, eller 16,15%.

## **DEI 20 STØRSTE AKSJONÆRANE**

Tabellen under syner ei oversikt over dei 20 største aksjonærane:

## 20 STØRSTE AKSJONÆRANE

<u>Namn</u>	<u>Andel</u>	<u>Beholdning</u>
VOSS SPAREBANK	10,00 %	189.980
SPAREBANKEN ØST	5,72 %	108.772
MP PENSJON PK	4,76 %	90.526
AS FLU	4,74 %	90.000
BERGEN KOMMUNALE PEN	2,63 %	50.000
AUGUST RINGVOLD AGEN	2,46 %	46.771
BJØRKEHAGEN AS	1,89 %	35.990
WERGELAND HOLDING AS	1,29 %	24.500
FANA SPAREBANK	1,21 %	23.000
SKOGBORG AS	1,08 %	20.440
JOH. RASMUSSEN & RAC	1,05 %	20.000
FORLAGSHUSET VIGMOST	0,93 %	17.700
NOTOV AS	0,85 %	16.090
SLÅPEKROKEN AS	0,79 %	15.040
HAUKÅS KONSULENTENE	0,79 %	15.000
FJORDSYN AS	0,77 %	14.600
NORDNET LIVSFORSIKRI	0,67 %	12.820
RIO INGUNN	0,66 %	12.580
LANGMYHR TRYGVE	0,63 %	12.000
KLØVE-GRAUE ASTRID	0,63 %	12.000
<b>Sum for dei 20 største eigarane</b>	<b>43,57 %</b>	<b>827.809</b>
<b>Øvrige eigarar</b>	<b>56,43 %</b>	<b>1.072.191</b>
<b>Totalt utstedte aksjar</b>	<b>100,00 %</b>	<b>1.900.000</b>

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 2. kvartal: kr 192,72  
Børskurs ved utgangen av 2. kvartal var : kr 113,50

### REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

### REKNESKAPSPRINSIPP

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

### UTSIKTENE FOR 2016

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Dei positive utsiktene for framtida for Voss med von om snarleg utbygging av sikre og raske kommunikasjonsløyser mot Bergen og Oslo ved tru på K5-prosjektet ser ut til å festa seg lokalt. Folketalsveksten i banken sitt marknadsområde som politikarar og analyseselskap ser for seg ved denne utbygginga vil føra til vekst i investeringar lokalt, noko banken vil ta sin del av. Den utvida satsinga vår på sal av forsikrings- og spareprodukt byrjar å materialisera seg, og vil gje banken ein vekst i andre inntekter framover.

Konkurransen i rentemarknaden er framleis hard. Det låge rentenivået skapar utfordringar i heile næringa, ved at det snart ikkje lenger er råd å redusera rentesatsane på innskott lenger ned. Spreadutgangen ein opplevde i andre halvår 2015 på finanspapir har ført til låg inntening på banken sin finansportefølje. Normalisering av spreadnivåa på slike plasseringar som ein ser er på veg vil monaleg syna att i kvartala framover. Det store fallet i rentemargin banken opplevde i fyrste halvdel

av 2015 er snudd til ein oppgang, og rentemarginen etter 2. kvartal er auka til 1,94% frå 1,69% i 2. kvartal i 2015.

Styresmaktene sine planer om å innføra ein ekstraskatt på finansnæringa med nettoproveny på 3,5 mrd. kr årleg framover vil svekka bankane si evne til å kunna ta del i samfunnsbygginga. Forslaget om at denne skatten skal utreknast som eit tillegg på arbeidsgjevaravgifta vil føra til ei skeivdeling, og svekka dei små lokale distriktsbankane rundt om i heile Noreg som satsar på å vera menneskeorienterte bankar med gode rådgjevarar og hjelp til lokalt næringsliv. For Vekselbanken vil den foreslegne kostnaden utgjera om lag 6% svekking av årsresultatet mot berre 3% for DnB. Me voner styresmaktene snur framlegget sitt slik at dette ikkje fører til at lokalbankane i Noreg må redusera satsinga på lokalt næringsliv og lokal bank- og finanskompetanse.

### **FRÅSEGN FRÅ STYRE OG DAGLEG LEIAR**

Vi stadfestar etter beste overtydning at rekneskapen for perioden 1. januar til 30. juni 2016 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gir eit rettvissande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, samt at delårsrapporten gir eit rettvissande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Banksjef Einar Larsen eller ass. banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

## RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

	2. kv 2016	2. kv 2015	30.06.16	30.06.15	31.12.15
Renteinntekter og liknande inntekter	28.165	32.246	56.212	66.795	128.907
Rentekostnader og liknande kostnader	9.158	15.306	20.320	34.133	59.020
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	<b>19.007</b>	<b>16.940</b>	<b>35.892</b>	32.662	69.887
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	2.137	2.080	2.242	3.016	1.449
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	2.523	2.268	4.675	3.919	9.165
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-937	-926	-1.864	-1.866	-3.632
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	373	-6.136	-13	-8.110	-6.541
Andre driftsinntekter	27	47	54	94	188
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>4.123</b>	<b>-2.667</b>	<b>5.094</b>	-2.947	629
<b>Sum netto inntekter</b>	<b>23.130</b>	<b>14.273</b>	<b>40.986</b>	29.715	70.516
Personalkostnader	3.892	3.653	9.077	8.788	18.953
Administrasjonskostnader	5.073	3.902	9.382	7.647	16.741
Ordinære avskrivningar	1.738	1.746	3.475	3.492	6.977
Andre driftskostnader	1.164	1.038	2.434	2.427	4.424
<b>Sum kostnader</b>	<b>11.867</b>	<b>10.339</b>	<b>24.368</b>	22.354	47.095
<b>Resultat før tap</b>	<b>11.263</b>	<b>3.934</b>	<b>16.618</b>	7.361	23.421
Tap på utlån, garantiar m.v.	-631	11	-662	43	-77
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	3.024	0	3.024	0	0
<b>Netto tap og avskrivningar</b>	<b>2.393</b>	<b>11</b>	<b>2.362</b>	43	-77
<b>Resultat før skatt</b>	<b>13.656</b>	<b>3.945</b>	<b>18.980</b>	7.404	23.344
Skatt på ordinært resultat	2.526	772	3.985	1.737	6.547
<b>Resultat for rekneskapsåret</b>	<b>11.130</b>	<b>3.173</b>	<b>14.995</b>	5.667	16.797
<b>Andre inntekter og kostnader</b>					
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	-2.767	6.894	-1.927	8.827	7.257
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	-69	-1.870	-315	-2.392	-1.999
<b>Sum andre postar</b>	<b>-2.836</b>	<b>5.024</b>	<b>-2.242</b>	6.435	5.258
<b>Totalresultat</b>	<b>8.294</b>	<b>8.197</b>	<b>12.753</b>	12.102	22.055
Resultat pr. aksje	5,86	1,67	7,89	2,98	8,84
Utvatna resultat pr. aksje	5,86	1,67	7,89	2,98	8,84

## BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

### EIGNELUTAR

	30.06.16	30.06.15	31.12.15
Kontantar og fordringar på sentralbankar	74.716	75.885	76.637
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	164.454	51.470	93.817
Netto utlån og fordringar på kundar	3.544.405	3.166.046	3.126.643
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	240.027	229.978	307.966
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	95.807	134.514	92.665
Immaterielle eignelutar	5.999	9.998	7.998
Finansielle derivat	5.208	4.696	5.198
Varige driftsmidlar	32.841	35.037	33.551
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	10.146	8.250	7.034

### SUM EIGNELUTAR

**4.173.603** 3.715.874 3.751.509

### GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	0	1.068	0
Innskot frå og gjeld til kundar	2.933.760	2.864.794	2.910.521
Obligasjons- og sertifikatgjeld	750.709	377.459	377.210
Finansielle derivat	0	0	0
Utsett skatt	3.059	2.765	2.744
Anna gjeld	22.418	16.357	13.156
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	18.570	20.331	7.665
Avsetjingar for påløpne kostnader og forplikingar	1.994	2.958	2.000
Ansvarleg lånekapital	76.936	79.661	78.159
<b>Sum gjeld</b>	<b>3.807.446</b>	3.365.393	3.391.455

### EIGENKAPITAL

#### Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (1.900.000 aksjar á kr. 5,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning egne aksjar	-43	-11	-43

#### Sum innskoten eigenkapital

#### Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital	356.700	340.992	350.597
--------------------	---------	---------	---------

#### Sum opptent eigenkapital

<b>Sum eigenkapital</b>	<b>366.157</b>	350.481	360.054
-------------------------	----------------	---------	---------

### SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

**4.173.603** 3.715.874 3.751.509

Garantiansvar	106.364	114.931	105.362
Pantsetjingar	128.043	101.666	111.057
Eigenkapitaldekning	19,19 %	20,44 %	21,31 %
Gjennomsnittleg rådveldekapital	3.815.940	3.858.624	3.828.829


Voss, 23. august 2016


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


  
Stein Kvarekvål  
Styreformann

  
Olav Seim

  
Ingrid Kløve-Graue

  
Hildegunn Reime

  
Johanna R. Sølberg

  
Einar Larsen

banksjef

**ENDRING I EIGENKAPITALEN**

	30.06.16	30.06.15	31.12.15
Eigenkapital ved inngangen til året	360.054	347.878	347.878
Utbetalt utbytte førre år	-6.650	-9.500	-9.500
Verdiendring eigneutar tilgjengeleg for sal	-2.242	6.436	5.266
Kjøp / sal egne aksjar	0	0	-387
Resultat i perioden	14.995	5.667	16.797
<b>Eigenkapital ved periodeslutt</b>	<b>366.157</b>	<b>350.481</b>	<b>360.054</b>

**KONTANTSTRAUMOPPSTILLING**

Alle tal i NOK 1 000

	30.06.16	30.06.15	31.12.15
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar	58 592	72 107	144 222
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar	-11 122	-25 756	-65 264
Andre innbetalningar	2 478	2 594	2 359
Driftsutbetalningar	-19 930	-18 918	-40 023
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	55	62	84
Utbetalt utbytte	-6 650	-9 500	-9 500
Betalte skattar	-6 227	-7 444	-9 343
<b>Tilført frå verksemda</b>	<b>17 196</b>	<b>13 145</b>	<b>22 535</b>
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	-418 478	35 748	75 009
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	23 238	19 481	65 208
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar	0	1 068	0
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	373 499	-335 799	-336 048
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	-2 691	- 594	- 648
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	67 678	123 787	84 140
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	14 230	-3 161	-12 473
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	0	-10 000	-10 000
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar	- 110	- 332	- 713
<b>Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd</b>	<b>57 366</b>	<b>-169 802</b>	<b>-135 525</b>
Investert i varige driftsmidlar	- 766	- 907	- 825
Investert i immaterielle eigneutar	0	0	0
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	-5 081	-8 486	-9 136
<b>Netto kontantstraum frå investeringar</b>	<b>-5 847</b>	<b>-9 393</b>	<b>-9 961</b>
Netto endring likvidar	68 715	-166 050	-122 951
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	170 454	293 405	293 405
<b>Likviditetsbeholdning ved periodeslutt</b>	<b>239 169</b>	<b>127 355</b>	<b>170 454</b>
<b>Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:</b>			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	74 715	75 885	76 637
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	164 454	51 470	93 817
<b>Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt</b>	<b>239 169</b>	<b>127 355</b>	<b>170 454</b>



## Note 1 Tap og misleghald

### Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar  
Endring i gruppevise nedskrivningar  
Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for  
Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for  
Inngang på tidlegare avskrivne tap

### Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

Alle tal i heile NOK 1.000

<b>30.06.16</b>	30.06.2015	31.12.15
-1.571	-820	-916
0	0	0
2.112	806	972
176	33	105
-55	-62	-84
<b>662</b>	-43	77

### Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån (over 90 dagar)

Individuelle tapsnedskrivningar

### Netto misleghaldne lån

Andre tapsmerka engasjement

Individuelle tapsnedskrivningar

Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån

### Netto tapsutsette engasjement

17.513	49.347	20.679
4.966	4.983	5.224
<b>12.547</b>	44.364	15.455
45.179	65.953	63.617
23.250	24.901	24.563
<b>21.929</b>	41.052	39.054
<b>34.476</b>	85.416	54.509

## SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån

Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar

Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar

Netto utlån til kundar

3.591.697	3.215.006	3.175.506
-28.216	-29.884	-29.787
-19.076	-19.076	-19.076
<b>3.544.405</b>	3.166.046	3.126.643

## Note 2 Kapitaldekning

	30.06.16		30.06.15		31.12.15	
	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav
Lokale og regionale styresmakter	18.987	1.519	5.215	417	18.493	1.479
Institusjonar	37.851	3.028	26.201	2.096	34.130	2.730
Føretak	300.047	24.004	271.476	21.718	238.823	19.106
Massemarknad	4.019	322	3.397	272	4.070	326
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	1.372.876	109.830	1.262.658	101.013	1.232.425	98.594
Forfalne engasjement	9.827	786	49.574	3.966	11.917	953
Obligasjonar med fortrinnsrett	8.817	705	8.978	718	9.922	794
Andelar i verdipapirfond	49.021	3.922	56.396	4.512	47.942	3.835
Eigenkapitalposisjonar	44.394	3.552	41.611	3.329	39.313	3.145
Andre engasjement	145.673	11.654	151.694	12.136	148.147	11.852
<b>Sum kredittrisiko</b>	<b>1.991.512</b>	<b>159.321</b>	1.877.200	150.176	1.785.182	142.815
Operasjonell risiko	149.970	11.998	154.379	12.350	154.379	12.350
Frådrag for gruppevise nedskrivningar		0	0	0	0	0
CVA risiko, motpartsrisiko	4.013	321	4.313	345	5.800	464
<b>Sum berekningsgrunnlag</b>	<b>2.145.495</b>	<b>171.641</b>	2.035.892	162.871	1.945.361	155.629
Innbetalt aksjekapital	9.500		9.500		9.500	
- egne aksjar	-43		-11		-43	
Sum opptent eigenkapital	341.706		335.324		343.950	
- immaterielle eignelutar / utsett skattefordel	-4.379		-7.298		-5.839	
Frådrag	-336		-552		-401	
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>346.448</b>	<b>16,15</b>	336.963	16,55	347.167	17,85
Fondsobligasjonar til verkeleg verdi	37.726		39.429		38.159	
Frådrag for verdiendring fondsobligasjon	-2.726		-4.429		-3.159	
Frådrag i samsvar med overgangsvilkår	-14.000		-10.575		-10.500	
<b>Kjernekapital</b>	<b>367.448</b>	<b>17,13</b>	361.388	17,75	371.667	19,11
Fond for urealiserte verdiendringar	4.254		4.429		3.895	
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital	40.000		40.000		40.000	
Ansvarleg lånekapital ikkje kvalifisert som tilleggskap.	0		10.418		-1.093	
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>44.254</b>	<b>2,06</b>	54.847	2,69	42.802	2,20
<b>Netto ansvarleg kapital</b>	<b>411.702</b>	<b>19,19</b>	416.235	20,44	414.469	21,31

### Note 3 Utlån og innskot fordelt på sektor næringer

	Utlån			
	30.06.16	Fordeling	30.06.15	Fordeling
Personkunder	2.876.119	80,08	2.530.650	78,71
Offentleg forvaltning	9.118	0,25	10.380	0,32
Finansielle foretak	5.279	0,15	3.946	0,12
Jord- og skogbruk	29.250	0,81	24.492	0,76
Industri og bergverksdrift	49.897	1,39	64.129	1,99
Kraft- og vannforsyning, bygg og anlegg	90.950	2,53	82.009	2,55
Varehandel , hotell og restaurant	65.640	1,83	71.521	2,22
Transport og kommunikasjon	80.120	2,23	84.265	2,62
Forretningsmessig tenesteyting og egedomsdrift	332.191	9,25	244.813	7,61
Tenesteytande næringer elles	53.133	1,48	98.801	3,07
<b>Sum brutto utlån</b>	<b>3.591.697</b>	<b>100,00</b>	<b>3.215.006</b>	<b>100,00</b>

	Innskot			
	30.06.16	Fordeling	30.06.15	Fordeling
Personkunder	2.155.140	73,46	2.072.098	72,33
Offentleg forvaltning	63.571	2,17	132.960	4,64
Finansielle foretak	38.037	1,30	49.859	1,74
Jord- og skogbruk	15.725	0,54	12.042	0,42
Industri og bergverksdrift	41.037	1,40	36.471	1,27
Kraft- og vannforsyning, bygg og anlegg	92.195	3,14	67.559	2,36
Varehandel , hotell og restaurant	99.900	3,41	87.693	3,06
Transport og kommunikasjon	93.359	3,18	72.796	2,54
Forretningsmessig tenesteyting og egedomsdrift	224.649	7,66	121.539	4,24
Tenesteytande næringer elles	110.146	3,75	211.777	7,39
<b>Sum innskot</b>	<b>2.933.759</b>	<b>100,00</b>	<b>2.864.794</b>	<b>100,00</b>

### Note 4 Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløsmidler

	2. kv. 2016	2. kv. 2015	30.06.16	30.06.15	31.12.15
Realisert gevinst/tap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	-110	-6.547	-699	-8.834	-9.525
Netto verdiendring og gevinst/tap på aksjar og verdipapir med variabel avkastning	-197	266	-719	134	-348
Netto verdiendring på valuta og fin.derivat	687	145	1.405	590	3.332
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	380	-6.136	-13	-8.110	-6.541

### Note 5 Endring i Verdipapirgjeld

	Balanse 01.01.16	Emittert	Innløyst	Øvrige endringar	Balanse 30.06.16
Serifikatgjeld	0	0	0	0	0
Obligasjonsgjeld, nominell verdi	375.500	400.000	-25.500	0	750.000
Underkurs / overkurs	1.710	0	0	-1.001	709
<b>Sum verdipapirgjeld</b>	<b>377.210</b>	<b>400.000</b>	<b>-25.500</b>	<b>-1.001</b>	<b>750.709</b>

### Note 6 Endring i ansvarleg lånekapital og fondsoblig

	Balanse 01.01.16	Emittert	Innløyst	Øvrige endringar	Balanse 30.06.16
Ansvarleg lånekapital	40.000	0	0	0	40.000
Fondsobligasjon	35.000	0	0	0	35.000
Verkeleg verdijustering	3.159	0	0	-1.223	1.936
<b>Sum ansvarleg lånekapital og fondsobligasjon</b>	<b>78.159</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-1.223</b>	<b>76.936</b>